



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Geilo Hotell, Geilo

Dato: 22.05.2023

Tidspunkt: 17:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 11/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 12/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 13/23	Orienteringer		
ST 14/23	Referatsaker		
RS 23/23	Innvilga søknad om maskinpreparering av skiløyper på Ljosland. Ljosland skisenter. Åseral kommune.		2023/2058
RS 24/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/18, Åseral kommune - Solveig Torsland		2023/3942
RS 25/23	Innvilga søknad. Kjentmannstur med snøscooter Hovden - Sloaros. Kristiansand Røde kors. Bykle kommune.		2023/2554
RS 26/23	Innvilga søknad om bruk av helikopter og snøscooter ved tilsyn og vedlikehald av straumliner. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane LVO . Glitre Nett AS. Bykle, Valle og Sirdal kommune.		2023/1322
RS 27/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/16 - Ronnie Forgard		2023/2392
RS 28/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskuter- og helikoptertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/16, Åseral kommune - Anne Lise Flottorp		2023/3944
RS 29/23	Innvilga søknad om maskinpreparering av skiløyper på Ljosland. Revidert løyve. Ljosland skisenter. Åseral kommune.		2023/2058
RS 30/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Låghedderbui 50/6 Atle Korsmo. Valle kommune		2023/2664
RS 31/23	Nytt vedtak - Innvilga søknad - Åseral - Motorferdsel i SVR - Justering av snøskuterløyve, gnr/bnr, 2/32 - Alf Torfinn Skeie		2023/3012
RS 32/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområder, gnr/bnr, 34/7, Hjelmeland kommune - Tor Ottar Laugaland		2023/4092
RS 33/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Kleivi i Evardalen. 62/1 Kai Brokke. Valle kommune.		2023/4320

RS 34/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Myklevatn - Løkjen Fagre. Torfinn Kummen. Valle kommune.	2023/3748
RS 35/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 106/4, 102/4, Hægebostad kommune - Roy Ove Eiesland	2023/1827
RS 36/23	Innvilga søknad om dispensasjon til vedhogst i Nordraheia naturreservat, gnr/bnr, 37/12, Hjelmeland kommune - Trygve Fundingsland	2023/3669
RS 37/23	Løyve til bruk av snøscooter i mellombels ny vinterløype ved Nedre Vevatn i verneområdet SVR. Åseral og Bygland kommune.	2022/6635
RS 38/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, bnr/bnr, 2/16, Åseral kommune - Ronnie Forgard	2023/2392
RS 39/23	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Fidjastølen og Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/3, Gjesdal kommune - Henning Furenes	2023/4866
RS 40/23	Løyve til bruk av snøscooter i mellombels ny vinterløype ved Nedre Vevatn i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Åseral og Bygland kommune.	2022/6635
RS 41/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 16/1, Åseral kommune - Anne Lise og Kjell Terje Flottorp	2023/1831
RS 42/23	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stranddalen turisthytte, gnr/bnr, 39/1-2, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2023/4499
RS 43/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter til frakt av gjerdemateriale. Suleskardheia. Ola V. Oftedal. Sirdal kommune.	2023/2563
RS 44/23	Innvilga søknad om kjentmannstur Ådneram-Grytdalen-Grautheller-Ådneram som erstatning for kjentmannstur Ådneram-Storevatn (ref AU-sak 5/22) - Speidernes beredskapsgruppe	2022/9103
RS 45/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med merking av vegline før brøyting. FV450 Brokke - Suleskard. Agder Fylkeskommune. Valle kommune.	2023/4155
RS 46/23	Innvilga søknad om dispensasjon til innsamling av lav i Ørestø og Migaren naturreservater i Gjesdal kommune - Norsk lavforening	2023/4594

RS 47/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med oppsett av antenne. Skoræ i Åseral kommune. Mandal Røde kors		2023/2559
RS 48/23	Innvilga søknad om dispensasjon til riving og oppattbygging av uthus på Vasstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39//, Hjelmeland kommune - Klarfrid og Svein Mæland		2023/2480
RS 49/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/17, 6/21 og 5/5, Åseral kommune - Brå Beite- og Sankelag		2023/2793
RS 50/23	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kurvatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/3, Hjelmeland kommune - Geir-Ove Meland		2023/5147
RS 51/23	Innvilga søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjon for sporingsbjøller til sau ved Heimre Storaheiknuten i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 42/9, Hjelmeland kommune - Stian Mæland		2023/5158
RS 52/23	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening		2023/4970
RS 53/23	Innvilga søknad om dispensasjon til innsamling av planter, moser, lav og sopp i Nordraheia naturreservat og Frafjordheiane landskapsvernområde - Miljøfaglig Utredning A/S		2023/4969
RS 54/23	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport og utlegging av gytegrus i Frafjordelva i Migaren naturreservat, gnr/bnr, 55/9, 55/52, Gjesdal kommune - Ryfylke Vassområde		2023/4720
ST 15/23	Førebuaende klagehandsaming. Klage på avslag om tidspunkt for gjennomføring. Krokevasskvæven gnr. 22, bnr. 1. Bykle fjellstyre. Bykle kommune.		2022/7928
ST 16/23	Søknad om riving av eksisterande gjetarhytta og bygging av ny. Eilevsbu. 26/7. Jæren smalelag. Valle kommune.		2023/3260
ST 17/23	SVR landskapsvernområde - søknad om bruk av el-sykkel som ***** - Åseral og Bygland kommuner - *****	X	2023/3137
ST 18/23	Førebuaende klagehandsaming. Løyve til å arrangere snøscootertur til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.		2022/10583
ST 19/23	Eventuelt		

ST 11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

ST 12/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 13/23 Orienteringar

ST 14/23 Referatsaker

RS 23/23 Innvilga søknad om maskinpreparering av skiløyper på Ljosland. Ljosland skisenter. Åseral kommune.

RS 24/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/18, Åseral kommune - Solveig Torsland

RS 25/23 Innvilga søknad. Kjentmannstur med snøscooter Hovden - Sloaros. Kristiansand Røde kors. Bykle kommune.

RS 26/23 Innvilga søknad om bruk av helikopter og snøscooter ved tilsyn og vedlikehald av straumliner. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane LVO . Glitre Nett AS. Bykle, Valle og Sirdal kommune.

RS 27/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/16 - Ronnie Forgard

RS 28/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskuter- og helikoptertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/16, Åseral kommune - Anne Lise Flottorp

RS 29/23 Innvilga søknad om maskinpreparering av skiløyper på Ljosland. Revidert løyve. Ljosland skisenter. Åseral kommune.

RS 30/23 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Låghedderbui 50/6 Atle Korsmo. Valle kommune

RS 31/23 Nytt vedtak - Innvilga søknad - Åseral - Motorferdsel i SVR - Justering av snøskuterløyve, gnr/bnr, 2/32 - Alf Torfinn Skeie

RS 32/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområder, gnr/bnr, 34/7, Hjelmeland kommune - Tor Ottar Laugaland

RS 33/23 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Kleivi i Evardalen. 62/1 Kai Brokke. Valle kommune.

RS 34/23 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Myklevatn - Løkjen Fagre. Torfinn Kummen. Valle kommune.

RS 35/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 106/4, 102/4, Hægebostad kommune - Roy Ove Eiesland

RS 36/23 Innvilga søknad om dispensasjon til vedhogst i Nordraheia naturreservat, gnr/bnr, 37/12, Hjelmeland kommune - Trygve Fundingsland

RS 37/23 Løyve til bruk av snøscooter i mellombels ny vinterløype ved Nedre Vevatn i verneområdet SVR. Åseral og Bygland kommune.

RS 38/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, bnr/bnr, 2/16, Åseral kommune - Ronnie Forgard

RS 39/23 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Fidjastølen og Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/3, Gjesdal kommune - Henning Furenes

RS 40/23 Løyve til bruk av snøscooter i mellombels ny vinterløyve ved Nedre Vevatn i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Åseral og Bygland kommune.

RS 41/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Lordehytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 16/1, Åseral kommune - Anne Lise og Kjell Terje Flottorp

RS 42/23 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stranddalen



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 06
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/7928-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 16.05.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	15/23	22.05.2023

Førebuande klagehandsaming. Klage på avslag om tidspunkt for gjennomføring. Krokevasskvæven gnr. 22, bnr. 1. Bykle fjellstyre. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Klage - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 22/1 - Urevassvegen 21 - Krokevasskvæven - tilbygg til hytte - Bykle fjellstyre
- 2 Klage på vedtak i AU sak 12/23

Forvalters innstilling

Med heimel i forvaltningslova § 33 opprettheld verneområdestyret arbeidsutvalet sitt vedtak dagsett 13.3.2023 sak. 12/23.

Verneområdestyret kan ikkje sjå at det har kome vesentleg nye moment i saka.

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka gjere ein førebuande handsaming av klage på arbeidsutvalet sitt vedtak i møtet 13.3.2023, sak 12.3.

Kort historikk

Bykle fjellstyre v/Jan Dalen fekk i møte i arbeidsutvalet 17.10.2022, sak 49/22, løyve til å bygge eit tilbygg på 4,5 m² på hytta ved Krokevasskvæven. I tillegg føre opp ein terrasse på 4,5 m² ved hytta. Eit av vilkåra i byggeløyvet var at grunna nærleiken til kalvingsområde for villrein skulle sjølve byggearbeidet starte tidlegast 1. juli.



I e-post dagsett 1.3.2023 bad søkar om at dei kunne starte arbeidet før 25. april slik at dei kunne gjere unna det utvendige arbeidet på to dagar, når dei samstundes frakta inn utstyr og materialar med snøscooter. Resten av byggearbeidet skulle takast etter 1. juli.

Arbeidsutvalet handsama saka i møte 13.3.2023, sak 12/23. Arbeidsutvalet ga avslag på søknaden om å endre dato for oppstart av byggearbeidet. Dette grunngeven med å ha minst mogleg forstyrring av villreinen gjennom vårknipa og at det ikkje er tungtvegande grunnar for å avvike frå byggestart 1. juli.

Bykle fjellstyre klaga på vedtaket i e-post dagsett 3.4.2023. Klagar meiner omsyn til kalvingsområdet er ivareteken med ferdselsforbodet 25.4 – 31.5 og at det ikkje er slik at villreinen jamt over oppheld seg i området kring hytta heile tida. Generelt er det sær s lite forstyrring i området 12.10 – 1. juli. Klagar skriv at arbeidsutvalet si haldning får mykje negativ merksemd i lokalmiljøet. Med eit slikt vedtak vert lista for aktivitet i verneområdet lagt sær høgt, og det må spørjast om det er ein praksis ein vil klare å halde på i andre saker. Med eit slikt vedtak verkar ikkje arbeidsutvalet å ha tillit til at fjellstyret kan ta omsyn til villreinen i deira område.

I ei supplerings til klagen i e-post dagsett 25.4.2023 syner klagar til løyvet gjeven til utviding og fasadeendring av Suldal fjellstyre si hytte i Grjotdalen. Dette er eit vesentleg større tiltak enn på hytta i Krokevasskvæven men utan at det i saka er sett ei avgrensing i tidspunkt for sjølve byggearbeidet. Det er såleis stor usakleg skilnad i handsaminga av dei to sakene.

Heimelsgrunnlag

Etter forvaltningslova § 33 skal underinstansen (verneområdestyret) gjere ein førebunde handsaming av klagen. Vedtaket kan oppretthaldast, endrast eller opphevast. Om vedtaket vert oppretthalden vert saka sendt Miljødirektoratet for avgjerse.

Vurdering


Vurdering av dei formelle sidene ved klagen

Søkar fekk vedtaket 21.mars 2023. Det vart klaga på vedtaket i e-post dagsett 3. april 2023, og såleis innafor fristen på 3 veker jamfør forvaltningslova § 29. Klagen er grunngeven og nemner kva endring i vedtaket som er ønskjeleg. Dei formelle sidene ved klagen er difor støtta, og verneområdestyret kan gjere ei førebunde klagehandsaming etter forvaltningslova § 33.

Det vesentlege i klagen er om avgrensing av byggeperioden til etter 1. juli er ei for strengt praktisering av verneforskrifta og at det vil vera krevjande å følgje det opp i seinare saker. Vidare synast det ikkje å vera ein konsekvent bruk av vilkår om byggestart i andre saker og såleis ei usakleg skilnad i handsaminga.

Klagar har heilt rett når han skriv at det ikkje oppheld seg villrein nær hytta heile tida. Det vesentlege er likevel at hytta ligg i eit område der det er relativt stor sjanse for å treffe på villrein, også i månadane mars-april då det utvendige byggearbeidet var ønskjeleg å gjennomføre (sjå utsnitt av GPS-data i kart nedanfor). Ventar ein til juli månad og seinare vil det og vera relativt stor sjanse for å treffe på villrein i området, men då tross alt utanfor den mest sårbare perioden på vårparten. Krav om å vente med byggestart til etter 1. juli er etter forvaltar si oppfatning sakleg og ikkje urimeleg strengt.

GPS-data mars – april. Krokevasskvæven midt i kartet.



Forvaltner ser den praktiske ulempa med at utvendig byggearbeid ikkje kan takast samstundes med frakt til hytta. Samstundes vart det første vedtaket fatta 17.10.2022 slik at tiltakshavar hadde god tid til å førebu gjennomføring av tiltaket med dei rammene som vart gjeven.

I saka som gjaldt Suldal fjellstyre si hytte i Grjotdalen var det ikkje sett tilsvarende strenge krav til byggeperiode. Klagar har såleis rett når dei peiker på at det ikkje har vore ein konsekvent praksis på dette. På den annan side er det i saka om Eilevsbu, som styret har til handsaming i same møte, foreslått strenge krav til byggeperiode. Med aukande merksemd knytt til samla belastning synast det å vera rimeleg at forvaltninga har fokus på tidspunkt på året for gjennomføring av byggetiltak framover.

Ny praksis i forvaltninga bør normalt handterast gjennom prinsipsaker eller revisjon av forvaltningsplanen. Ei generell innstramming i praksis kan også gjerast i ei enkeltsak så lenge det er saklege grunnar for dette og ein er konsekvent i fortsettinga.

Konklusjon

Arbeidsutvalet sitt vedtak dagsett 13.2.2023 sak 12/23 vert oppretthalden.

From: Jan Dagfinn Dalen[Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no]
Sent: 03.04.2023 12:35:29
To: Haug, Jørn Trygve[jorn.haug@statsforvalteren.no]; Jonny Liland[jonny.Liland@sirdal.kommune.no]
Subject: Klage på vedtak i AU sak 12/23
Til Verneområdestyret SVR og Frafjordheiane

Det vises til vedtak i AU sak 12/23 som gjeld søknad om endring av vilkår for byggeløyve – tilbygg til hytte i Krokevasskvæven, Bykle Statsallmenning.

Bykle fjellstyre vil formelt klage på vedtak om å avslå søknad om å fravike vilkår om byggestart tidligst 1.juli.

I saksvurderinga vert det lagt stor vekt på at hytta i Krokevasskvæven ligger 1 km frå kalvingsområdet.

Vi meiner at kalvingsområdet er godt ivareteke av ferdselsforbudet som gjeld frå 25. april til 31.mai.

Det virker også som at forvalter meiner at det er dyr rundt hytta i Krokevasskvæven heile tida. Det er jo ikkje korrekt.

SNO var innover i dette området 20.januar. Då var det hverken dyr eller spor å sjå.

Fjellstyret frakta i februar (14. og 26.februar) inn noko ved/gass/material inn til hytta.

Heller ikkje då vart det sett dyr eller spor.

Første veka i mars vart det av SNO observert nokre dyr eit godt stykke frå hytta.

Generelt kan ein sei at villreinen i dette området vert svært lite forstyrra i perioden 12.oktober til 1.juli.

Planen til fjellstyret var at to mann frå fjellstyret kjører inn material/utstyr eine dagen, starter bygging denne dagen og avslutter neste dag, for så kjøre ut att med utstyr. Frakt av material og utstyr har vi løyve til fram til ferdselsforbudet trer inn.

Alt dette i god tid før ferdselsforbudet trer i kraft.

Det er både skuffande og overraskande at AU då ikkje kan tillate bygging desse to dagane, da vi meiner dette ville ha forstyrra evt. rein i nærleiken svært lite.

Slike vedtak som dette blir lagt merke til i lokalmiljøet på negativt vis, da det legger lista for aktivitet i SVR-området generelt svært høgt. Og spørsmålet er då om ein klarer å halde lista så høgt uavhengig av kven som søker om tiltak.

Vi meiner dette er med på å undergrava respekt og forståelse i lokalmiljøet for korleis vernet av villreinen vert handsama.

Fjellstyret registrerer også at AU gjennom eit slikt vedtak ikkje har tillit til at fjellstyret kan ta hensyn til villrein i vårt område.

Før denne klagen er behandla er nok ferdselsforbudet trådt i kraft, dersom klagen ikkje vert behandla svært raskt og ekstraordinært.

Dette medfører at vårt prosjekt vert mykje vanskelegare å gjennomføra i år. Forvaltar seier at vegen inn til Urar opnar 1.juli. Det er rett at fjellstyret kan passere bommen 1.juli, men forvaltar veit godt at vegen normalt ikkje er farbar inn til Urar før seint i juli, ofte også ut i august. Dette avhenger av snømengder og snøsmelting. Dei som skal bygge dette for fjellstyret gjere dette på dugnad, og eg kan ikkje vente at dei vil bruke sommarferien på dette.

Med dette som bakgrunn ber vi om at Verneområdestyret ser på saken på nytt og aksepterer å fravike vilkåret om tidligst byggestart 1.juli.

Med helsing
Jan D. Dalen

Bykle Fjellstyre
Leiar

Fra: Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 21. mars 2023 11:59
Til: Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>
Emne: Melding om vedtak. Krokevasskvæven

Vedtak og saksframstilling ligg ved.

Vert berre sendt pr. e-post.

Venleg helsing

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83
www.svr.no



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

From: Jan Dagfinn Dalen[Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no]
Sent: 25.04.2023 10:44:07
To: Haug, Jørn Trygve[jorn.haug@statsforvalteren.no]
Cc: Jonny Liland[jonny.Liland@sirdal.kommune.no]; Odden, Alf[alf.odden@statsforvalteren.no]
Subject: Klage på vedtak i AU sak 12/23
Hei.

Ifm vår klage vil Bykle fjellstyre peika på fylgjande i tillegg:

Viser til sak 7/22 Søknad om disp til utviding og fasadeendring hytte i Grjotdalen – Suldal fjellstyre

Dette er eit vesentlig større tiltak. I søknaden antydes det 10 scooterturar og 20 helikopterhiv, og nødvendigvis lenger byggeperiode.
I denne sak vart det ikkje sett begrensing ift tidligst byggestart.
Suldal fjellstyre er no godt igong med sitt prosjekt, som er veldig flott. (jfr posting av Suldal fjellstyre på Facebook)

Med tanke på vårt tiltak i Krokevasskvæven synes eg dette er kraftig forskjellsbehandling.

Med helsing
Bykle Fjellstyre v/Jan D

Fra: Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>
Sendt: onsdag 5. april 2023 10:02
Til: Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>
Kopi: Jonny Liland <jonny.Liland@sirdal.kommune.no>; Odden, Alf <alf.odden@statsforvalteren.no>
Emne: SV: Klage på vedtak i AU sak 12/23

Stadfester med dette at klagen er motteken.

Klagen vil bli lagt fram for verneområdestyret i neste møte 22. mai.
Det vert såleis vanskeleg med ei handsaming før ferdselsforbodet tar til 25. april.

Venleg helsing

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83
www.svr.no



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Fra: Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>

Sendt: mandag 3. april 2023 12:35

Til: Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>; Jonny Liland <jonny.Liland@sirdal.kommune.no>

Emne: Klage på vedtak i AU sak 12/23

Til Verneområdestyret SVR og Frafjordheiane

Det vises til vedtak i AU sak 12/23 som gjeld søknad om endring av vilkår for byggeløyve – tilbygg til hytte i Krokevasskvæven, Bykle Statsallmenning.

Bykle fjellstyre vil formelt klage på vedtak om å avslå søknad om å fravike vilkår om byggestart tidligst 1.juli.

I saksvurderinga vert det lagt stor vekt på at hytta i Krokevasskvæven ligger 1 km frå kalvingsområdet.

Vi meiner at kalvingsområdet er godt ivareteke av ferdselsforbudet som gjeld frå 25. april til 31.mai.

Det virker også som at forvalter meiner at det er dyr rundt hytta i Krokevasskvæven heile tida. Det er jo ikkje korrekt.

SNO var innover i dette området 20.januar. Då var det hverken dyr eller spor å sjå.

Fjellstyret frakta i februar (14. og 26.februar) inn noko ved/gass/material inn til hytta.

Heller ikkje då vart det sett dyr eller spor.

Første veka i mars vart det av SNO observert nokre dyr eit godt stykke frå hytta.

Generelt kan ein sei at villreinen i dette området vert svært lite forstyrra i perioden 12.oktober til 1.juli.

Planen til fjellstyret var at to mann frå fjellstyret kjører inn material/utstyr eine dagen, starter bygging denne dagen og avslutter neste dag, for så kjøre ut att med utstyr. Frakt av material og utstyr har vi løyve til fram til ferdselsforbudet trer inn.

Alt dette i god tid før ferdselsforbudet trer i kraft.

Det er både skuffande og overraskande at AU då ikkje kan tillate bygging desse to dagane, da vi meiner dette ville ha forstyrra evt. rein i nærleiken svært lite.

Slike vedtak som dette blir lagt merke til i lokalmiljøet på negativt vis, da det legger lista for aktivitet i SVR-området generelt svært høgt. Og spørsmålet er då om ein klarer å halde lista så høgt uavhengig av kven som søker om tiltak.

Vi meiner dette er med på å undergrava respekt og forståelse i lokalmiljøet for korleis vernet av villreinen vert handsama.

Fjellstyret registrerer også at AU gjennom eit slikt vedtak ikkje har tillit til at fjellstyret kan ta hensyn til villrein i vårt område.

Før denne klagen er behandla er nok ferdselsforbudet trådt i kraft, dersom klagen ikkje vert behandla svært raskt og ekstraordinært.

Dette medfører at vårt prosjekt vert mykje vanskelegare å gjennomføra i år. Forvaltar seier at vegen inn til Urar opnar 1.juli. Det er rett at fjellstyret kan passere bommen 1.juli, men forvaltar veit godt at vegen normalt ikkje er farbar inn til Urar før seint i juli, ofte også ut i

august. Dette avhenger av snømengder og snøsmelting. Dei som skal bygge dette for fjellstyret gjere dette på dugnad, og eg kan ikkje vente at dei vil bruke sommarferien på dette.

Med dette som bakgrunn ber vi om at Verneområdestyret ser på saken på nytt og aksepterer å fravike vilkåret om tidligst byggestart 1.juli.

Med helsing
Jan D. Dalen
Bykle Fjellstyre
Leiar

Fra: Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 21. mars 2023 11:59
Til: Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>
Emne: Melding om vedtak. Krokevasskvæven

Vedtak og saksframstilling ligg ved.

Vert berre sendt pr. e-post.

Venleg helsing

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83
www.svr.no



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 06
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/3260-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 16.05.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	16/23	22.05.2023

Søknad om riving av eksisterande gjetarhytta og bygging av ny. Eilevsbu. 26/7. Jæren smalelag. Valle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 26/7 - rive eksisterande gjetarhytte og erstatte denne med ei ny - Jæren smalelag
- 2 Eilevsbu Tegninger
- 3 Skann_20230312

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Jæren smalelag løyve til å sette opp ei ny gjetarhytte på gnr. 26, bnr. 7 i Valle kommune. Gjetarhytta er til erstatning for eksisterande gjetarhytte Eilevsbu som skal rivast. Den nye gjetarhytta skal førast opp på same tomt som den gamle hytta. Løyvet gjeld også oppføring av ein utedo med storleik 1,5 m2 BYA med maks. høgde 2,4 pluss fundament.

Tillate storleik på gjetarhytta er 32 m2 BYA. Av dette skal 8 kvdm. vera uisolert lagerplass i eine enden. Følgjande vilkår gjeld:

- Fundament skal vera mura av naturstein eller støypte pålar med maksimal høgde 0,5 m
- Maksimal tillate mønehøgde er 4,5 meter inkl. høgda på fundament.
- Taket skal tekkast med torv, stein, tre eller takplater med mørk matt farge
- Hytta skal målast eller beisast i mørk farge som skil seg minst mogleg frå omgjevnaden.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut og leverast på godkjend mottak. Ubehandla virke kan nyttast som ved.
- Av omsyn til villreinen i området må transport, riving av eksisterande hytte og bygging av ny, skje utanom perioden april – juni månad og utanom perioden med reinsjakt. Hytta må byggjast prefabrikert i seksjonar som vert transportert inn for å korte ned byggetida på plassen.

- Ved bruk av motorisert transport i samband med bygginga må det søkast særskild om dette.
- Byggeløyvet gjeld til 25.5.2026. Forvaltningssekretariatet skal ha melding og bilete av tiltaket så snart arbeidet er avslutta.
- Før igangsetting må det også hentast inn byggeløyve frå kommunen

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at bygningen er til erstatning for eksisterande hytte og med ei sær s avgrensa auke i storleik. Bruken av gjetarhytta vil halde fram på dagens nivå evt. med ei lita auke. Gjetarhytta er plassert nær tyngre tekniske inngrep i form av Svartevassmagasinet og ligg såleis i eit påverka område. Gjennom forvaltningsplanen er beitenæringa gjeven ei særskilt prioritering med målsetting om at det skal leggest til rette for aktivt beitebruk i verneområda inkludert tilgang på funksjonelle driftshusvære. Verneområdestyret legg vesentleg vekt på at tiltaket vert gjennomført utanom ein sårbar tid på våren og under reinsjakta og slik at byggetida, og forstyrringa, på plassen vert så kort som råd.

Saksopplysninger

Jæren smalelag (JS) har i dag ei eldre gjetarhytta frå 1960-talet som ligg i nord-austre ende av Svartevassmagasinet (Hyttevatn) i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. JS ønskjer å rive denne hytta og erstatte den med ei ny. Dette grunngevingen med at eksisterande hytta er i sær dårlig stand og treng omfattande vedlikehald. Hytta er enkel og kummerleg med ei køyeseng i eine enden. I hovudsankinga kan det vera opp til ti personar på hytta og fleire hundar. Eksisterande hytta på 25 kvdm vert då for liten, noko som går ut over både tryggleik og trivsel.

JS legg vekt på at Eilevsbu ligg strategisk til i sankeområdet Holmevassheia. Årleg vert det sleppt på om lag 1700 sau i dette området. I sankinga vert sauene driven sørover ut til Duge i sør-enden av Svartevassmagasinet.

JS eig inga andre gjetarhytter i Holmevassheia, men nyttar i nokre høve Blikkhytta til Statskog nede i Ljosådalen. Denne er liten og med svært enkle standard. JS har også prøvd med å leige husrom på turistforeininga si hytte ved Kringlevatn, men skriv at dette har fungert dårlig då det er 1,5 timars gangavstand mellom dei to hyttene.

Jamfør søknaden vert Eilevsbu berre nytta i samband med sauedrifta. Tal sau i området er konstant så det er ikkje trong for meir mannskap til sauedrifta. JS meiner difor at ei ny gjetarhytte ikkje vil føre til meir ferdsel i området.

Eksisterande gjetarhytte er på 25 m² BYA Storleiken på ny gjetarhytte er 32 kvdm BYA. Av dette er 8 kvdm. uisolert lagerplass i eine enden. I tillegg ein utedo på 1,5 kvdm, Tal sengeplassar er oppgjeven til ti. Høgde målt frå topp golv til møne er 3,67 m.

På sørsida av hovudhytta står det eit hundegard med tak over. Storleiken på denne er om lag 9 m² målt på kart.

Det er Statskog som er grunneigar i området. Statskog har i e-post dagsett 1.2.2023 stadfesta at dei ikkje har innvending til tiltaket føreset at hytta berre vert nytta i samband med ettersyn og sanking av sau.



Søknaden ligg som vedlegg 1 – 3 i saka.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag


Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 er oppføring av bygningar av dei tiltak som er forbode i verneområdet. Saka må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om tiltak ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Søknaden vart sendt til uttal til Agder Fylkeskommune, Villreinnemnda for Setesdalsområdet, Statsforvalteren i Agder og Valle kommune. Ingen av desse har gjeve uttale i saka.

Raud prikk i kartet syner plassering av hytta. Raud line er merka sommarløypa og blå line er kvista vinterløype. Steinsbuskardet og Blåsjø synast øvst i kartet



Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldslova leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Eilevsbu ligg i ein helt sentral del av villreinområdet og villreinen nyttar området særleg på våren og gjennom barmarksperioden. I naturbasen er området merka av som vinterbeite og kalvingsområde. Kalving skjer hovudsakeleg i området Ljosådalen og i nokon grad opp mot Steinheii nord-aust for Eilevsbu.

Passasjen på om lag 5 km mellom Eilevsbu og vestre del av Ljosådalen er sær viktig for trekkaktiviteten for villrein nord/sør i heia. Ved fullt magasin i Svartevatn vil villreinen ofte passere på båe sider av Breidånuten. I periodar der Svartevassmagasinet er tappa ned kan dei også trekke rett vest for Eilevsbu i det som før var ein passasje mellom Såvasstjønn og Hyttevatn. I tillegg i vestre ende av Hyttevatn.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Eilevsbu ligg 70 meter frå det store regulerte Svartevassmagasinet. Saman med Blåsjø litt lengre nord utgjer magasina eit nesten 35 km samanhengande barriere for villreintrekk aust/vest i heia. Ein viktig attverande trekkorridor er Steinsbuskardet, men her må villreinen dele plassen med høgspenliner, vegar, turisthytta Storsteinen og ferdsel frå menneskje. Eilevsbu ligg i god avstand frå Steinsbuskardet, men aktivitet i området der hytta ligg kan likevel ha ein viss påverknad i høve til at villreinen skal kome i posisjon for trekk gjennom Steinsbuskardet og mellom Svartevatn og Storevassdammen i Blåsjø.

Såvasshytta eigd av Statskog ligg 2,3 km i luftline aust for Eilevsbu. Såvasshytta vert hovudsakeleg nytta under jakta. Frå 2024 vert hytta som ei prøveordning stengd i perioden 1.4 – 19.8 for å redusere forstyrringa i området.

Kringlevatn turisthytte ligg om lag 4 km. nord for Eilevsbu. Turisthytta har 28 sengeplassar og om lag 300 overnattingar gjennom året. Statskoghytta Smalevassbu ligg 3,5 km vest for Eilevsbu. Tal overnattingsdøgn i denne ligg kring 150. Når det gjeld ferdsel i løypenettet i området syner ferdselsregistreringa ved Breidånuten frå 2019 omlag 600 passeringar i barmarksperioden

Turistløypene i området saman med turisthytte og Statskog sine utleiehytter bidreg til ein god ferdsel i dette området, særleg gjennom seinsommar og haust. I tillegg bidreg sauedrifta mykje i samband med tilsyn og sanking.

Motorisert ferdsel er i første rekke knytt til snøscootertransport til frakt av brensel, proviant og utstyr til dei nemnde turisthyttene og statskoghyttene, samt merking av vinterløypene. Svartevassmagasinet er ein viktig ferdselsåre med båt inn i sentral del av både verneområdet og villreinområdet. Teljing ved båttopptrekket i 2022 syner om lag 1656 passeringar her, noko som tilseier at relativt omfattande ferdsel innover med båt.

Som del av arbeidet med tiltaksplanar for villrein fjellet vert det sett på tiltak for betre villreinen sin trekkmoglegheiter gjennom Steinsbuskardet og mellom Svartevatn og Blåsjø.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Liggjande heilt nord i sankeområdet har Eilevsbu ei strategisk plassering i høve til sanking om hausten, då sauen vert driven sørover for oppsamling ved Duge. Med relativt enkel tilkomst med båt over Svartevassmagasinet kan ein sjå føre seg at meir av tilsyn og sank kan gå føre seg utan trong for husvære nord i beiteområdet. Ei ulempe med dette er at det i nokre høve ikkje vil vera forsvarleg å ta seg over Svartevassmagasinet grunna vær- og vindtilhøve. I periodar der magasinet er lågt vil det heller ikkje vera mogleg å ta seg heilt inn med båt i kilen som Hyttevatn utgjer.

Blikkhytta og Kringlevatn er nemnd som mogleg reserveløysingar for dagens Eilevsbu, men ikkje noko som søkar meiner kan erstatte denne.

Eit alternativ vil vera å renovere eksisterande gjetarhytte og såleis behalde dagens «fotavtrykk» av hytta. Sjølv med eit slikt alternativ vil byggeaktiviteten bli relativt omfattande. Det ville heller ikkje løyse plassmangelen som er på eksisterande gjetarhytte.

Bygging av ei ny gjetarhytte vil ein periode føre til omfattande motorisert transport og byggeaktivitet. For å avgrense forstyrringa i området er det difor vesentleg at transport og utvendig byggearbeid vert gjort mest mogleg effektivt og til eit tid på året då viltet er mindre sårbart for forstyrring. Bygging og transport bør såleis gjerast seinsommar/haust og med bruk av ferdige element for kortast mogleg byggeperiode på plassen.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Føresetnaden for å kunne gi dispensasjon etter denne paragrafen er at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Eksisterande gjetarhytte ligg relativt eksponert i eit småkupert heielandskap. Ei ny hytte med ei beskjeden auke i storleik vil i svært liten grad gjere hytta meir synleg i landskapet, føresett at det vert teken omsyn til dette ved val av farge og materialar på hytta. Liggjande nær eit stor regulert vasskraftmagasin opplevast heller ikkje området som urørt.

Med sin sentrale lokalisering i høve til viktig del av villreinområdet og trekkaktivitet mellom delområde, ligg Eilevsbu i eit område der det ikkje er ønskjeleg med meir ferdsel og forstyrring. Tvert i mot bør ein heller sjå på korleis ein kan minske aktiviteten i området. Forvaltar legg til grunn at ei ny hytte med auka standard vil auke bruken av hytta men likevel i beskjeden grad. Vesentleg i den samanheng er at bruken av hytta framleis må vera strengt avgrensa for bruk i samband med tilsyn og sanking av sau, noko som er regulert gjennom avtale mellom JS og Statskog som grunneigar.

Med ei beskjeden auke i storleik og forventa lite auka bruk vil tiltaket etter forvaltar si vurdering ikkje stri mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Det kan difor gjevast løyve etter naturmangfaldslova § 48.

Konklusjon

Jæren smalelag frå løyve til å rive eksisterande gjetarhytte gnr. 26, bnr. 7 og erstatte denne med ei ny gjetarhytte. Det vert sett vilkår for tiltaket.

